

## Mandat for rådgjevingsgruppe for Skeivt arkiv

Skeivt arkiv er det nasjonale arkivet og dokumentasjonssenteret for skeiv historie i Noreg. Arkivet held til ved Avdeling for Spesialsamlingar ved Universitetsbiblioteket i Bergen. Formålet er å dokumentera historia om kjønns- og seksualitetsmangfaldet og historia til LHBT-personar i Noreg. Dette skal gjerast gjennom innsamling av arkivmateriale, publisert materiale (bøker, tidsskrift, audiovisuelt materiale osv.) og gjennom munnlege livsminneintervju. Skeivt arkiv skal også formidla historia gjennom eigne nettsider og på andre måtar, til dømes gjennom samarbeid med museum og andre kulturinstitusjonar om utstillingar.

Universitetsbiblioteket har sett ned ei rådgjevingsgruppe som skal bidra til å utvikla Skeivt arkiv. Mandat for rådgjevingsgruppa for Skeivt arkiv er vedtatt av Universitetsbibliotekets styre.

Det er ønskeleg at gruppa har følgjande samansetning:

- To vitenskapleg tilsette ved eit norsk universitet. Ein av desse bør vere frå Universitetet i Bergen og minst ein av desse bør ha særleg kompetanse på verkefeltet til arkivet.
- Eit medlem med arkivfagleg kompetanse (representant for arkivsektoren).
- Eit medlem med museumsfagleg kompetanse.
- Eit medlem med tilknytning til LHBT-politikk (kan vera frå interesseorganisasjonar som FRI, Skeiv Ungdom, Skeiv Verden eller Forbundet for transpersoner i Norge (FTPN)).

Fagleg leiar ved Skeivt arkiv i samråd med avdelingsleiar for Spesialsamlingane føreslår medlemmer for bibliotekdirektøren, som legg det fram for Universitetsbibliotekets styre. Universitetsbibliotekets styre utnemner medlemmene for to år. Leiaren for rådgjevingsgruppa blir utnemnd av Universitetsbibliotekets styre.

Fagleg leiar for Skeivt arkiv er sekretær for gruppa.

Leiar for rådgjevingsgruppa kan inviterast til møter om aktuelle saker med leiinga av Universitetsbiblioteket.

Gruppa skal rådgje Universitetsbiblioteket og bidra til utviklinga av Skeivt arkiv i tråd med formålet.

Rådgjevingsgruppa skal:

- Bidra til at den faglege verksemda held høg kvalitet
- Bidra til at arkivet blir drive på ein formålstenleg og effektiv måte
- Gje innspel til tiltaksplanar

- Bidra i kontakten med eksterne partar, som politikarar og organisasjonar

Følgjande personar vert oppnemnd til å sitje i rådgjevingsgruppa for Skeivt arkiv 2016-2018:

- Tone Hellesund (professor, AHKR, UiB).
- Camilla Brautaset (førsteamanuensis, AHKR, UiB).
- Anne Aune (fylkesarkivar i Hordaland)
- Liv Ramskjær (generalsekretær Norges Museumsforbund)
- Ingvild Endestad (leiar i FRI - Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold)

Tone Hellesund får ansvar for å leie rådgjevingsgruppa frå 1.9.2016. Frå 1.9 2017 overtek Camilla Brautaset leiaransvaret.